

BEKYMRING FOR FØRESETTE - BEKYMRINGSSKALA

Dette er eit verktøy som kan hjelpe deg å avklare bekymringa di knytt til føresette til eit barn du har kjennskap til gjennom arbeidet ditt. Skalaen er eit arbeidsverktøy som viser kva du kan fokusere på, dersom framferda til føresette gjer deg bekymra for eit barn eller ein ungdom. Ved hjelp av bekymringskalaen kan du i samarbeid med leiar eller kollega gi ein tydelegare vurdering av situasjonen. Det er viktig å hugse at subjektive vurderingar kun gir eit her og no-bilete.

Ein familie kan vere i ein krevjande situasjon som kan føre til framferd som vekker bekymring. Ved slik bekymring er det svært viktig å involvere føresette på eit tidleg stadium.

Skalaen er eit internt verktøy som skal hjelpe deg til å utføre best mogleg skjønn.

VER MERKSAM

GRUNN TIL BEKYMRING

VER MERKSAM		GRUNN TIL BEKYMRING	
Familiar med generelt god trivsel	Familiar med redusert trivsel	Signal hos føresette med egne vanskar	Signal hos føresette der barnevern/politi skal varslast
<ul style="list-style-type: none"> Omsorga frå føresette er god. Føresette søker rådgjeving dersom barnet ikkje trivst i ein periode. Føresette søker hjelp ved å kontakte lege, helse-sjukepleiar, barnehagen, skulen eller liknande. 	<ul style="list-style-type: none"> Føresette har uregelmessig fram møte. Føresette let vere å delta på møte og arrangement. Føresette sluttar å halde avtaler, melder forfall i siste liten eller kjem med ulike forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møte og anna som blir arrangert. Endra fysisk og psykisk omsorgsevne. 	<p>Den fysiske tilstanden blir endra:</p> <ul style="list-style-type: none"> Hyppig sjukdom Lukt av alkohol Manglande forståing av situasjonen Ustelt og likegyldig til eigen utsjånad <p>Føresette er prega av:</p> <ul style="list-style-type: none"> Irritasjon Isolasjon Usikkerheit Sårbarheit Nervøsitet Uro/angst Redusert fysisk og psykisk omsorgsevne 	<ul style="list-style-type: none"> Omsorga frå føresette manglar heilt. Ulike tiltak er utprøvd utan forventa resultat. Føresette møter opp rusa. Mistanke om vald -anten mot ein forelder eller mot barnet sjølv eller ved mistanke om seksuelt misbruk.